

KJEKKE DAGAR OG VARIGE FERIEMINNER



TA MED FAMILIEN OG OPPLEV EIN VINTERFERIE
FULL AV LEIK OG GODE MINNER



 **BLI MED PÅ
VINTERFERIE**
PÅ FJELLET I STRYN



VINTERFERIE PÅ FJELLET



Når det er skulefri arrangerer Røde Kors gratis vinterferie for barnefamiliar som ikkje har råd til å dra på ferie sjølv.

På vinterferien får familiar aktive dagar med leik, ski, aking, turar og bålkos – ein smakebit av norsk vinter og hytteliv. Opphaldet er laga for at alle familiar skal ha det kjekt, vere med på aktivitetane og skape gode minner saman.

- Ferien er gratis og gir tre overnattingar, måltid og aktivitetar. Vi tilbyr felles transport for dei som ikkje kan køyre sjølv.
- Familiane har eigne soverom, men deler opphaldsrom, bad og toalett med andre familiar.
- Kvar dag har vi eit dagsprogram med felles måltid og aktivitetar ute som alle deltek på saman.
- Røde Kors-frivillige er alltid til stades for å hjelpe, og sørgjer for at alle kan delta og kjenne seg trygge.
- Det blir mykje aktivitet ute, så ta med varme klede for snø og kulde. Skiutstyr og vinterleikar tek Røde Kors med.

Stad: Nordfjord Fritidssenter, adresse:

Stryn leirskule, Panoramavegen, 6795 Blaksæter

VIL DU OG DIN FAMILIE VERE MED?

Familiar som har levd med økonomiske utfordringar i Noreg over tid, som bur i Sogn og Fjordane og har barn frå 6 til 13 år, kan få plass på vinterferien.

Snakk med kontaktpersonen din i kommunen. Dei vurderer om familien kan delta og sender søknad på vegner av familien.

I løpet av vinterveka er det to ferieopphald, med om lag 10 familiar (40 gjester) på kvart opphald. Familien kan oppgi kva veke som passar best, eller vere tilgjengeleg begge vekene.

Familiane får svar i løpet av januar. Det er få plassar, og ikkje alle som søker får plass.

Det er venta at familien deltek på heile opphaldet og er med på alle aktivitetane saman.

